



Arbeidet med grøfter på Fylkesvegen i sentrum vart meir omfattande enn planlagt.

**Det er utført eit stort arbeid med grøfter og kummar på Fylkesvegen ved nedkøyrsla til Beinavikjo. Det, som fyrst var tenkt til å vera ein avgrensa jobb for å få bort vatn, vart eit omfattande arbeid med langt lengre arbeidstid enn fyrst tenkt.**

Dimmelsvik Entreprenør gjer jobben for MESTA. Det er til no skifta ut om lag 60 meter røyr. I tillegg er det sett ned to nye kummar. Arbeidet er ikkje ferdig. Ein må rekna med meir røyrskifte i vegen mot sør. Det har i nokre veker berre vore eit køyrefelt forbi arbeidsplassen. Trass i at dette ligg i eit vegkryss med stor trafikk og gåande har det så langt, vi kjenner til, ikkje vore ulukke eller uheldige hendingar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal